

## DEN NORSKE KYRKJA

### Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Org.nr.: 976 997 654

Tlf: 468 40 719 [www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no) [kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

## Referat

**Utval:** Aukra sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 12. juni 2025  
**Møtetid:** Kl. 18.05 – 20.25  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### Tilstade:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse

Sekretær: Kyrkjeverje Anne Marie Sødal

**Opning v/ Kristian Finn.** Ordsp 8. Vi må leike 😊

### Sak 42/25 GODKJENNING AV:

#### A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

#### B. Sakliste

Sakslista blei godkjent med 3 saker på eventuelt.


- Refusjon av sjukepengar
- Møte om Sambrukshus Julsundet
- Endring av møtedatoar

#### C. Referat frå møte 15.05.2025

Referatet blei godkjent utan merknadar.

### Sak 36/24 Kyrkjelydstur til Bjørnsund 14.september? Frå førre møte

Ønskjer vi kyrkjelydstur til Bjørnsund i samband med konfirmantleir i år? Korleis kan vi i så fall organisere det med til dømes båtreise ut dit? Skal det vere noko program elles? Skal vi ha ein eigen komité?



## DEN NORSKE KYRKJA

### Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Org.nr.: 976 997 654

Tlf: 468 40 719 [www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no) [kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

Menighetstur til Bjørnsund heng saman med konfirmantane. Vi er veldig spente på kor mange konfirmantar vi får i år, da det er få kyrkjemedlem på øya dette årskullet, og dei fleste på land vel Vågøy.

Det kom fram forslag om å lage felles kyrkjeludstur og konfirmanttur heile helga. Det kan hende det kan vere fint å gjere framover, men vi landa på at vi var for seint ute til å gjere dette på ein god måte dette året.

**Vedtak:** Vi ser an kor mange konfirmantar det blir, og seier gudstenesta blir open om det blir konfirmantleir på Bjørnsund, slik det har vore gjort før.

Vi kan godt tenke oss å ha ein større kyrkjelydstur, og legg inn planlegging av det i årshjulet, så vi har god tid til planlegging.

#### **Sak 43/25 Revidert budsjett**

Budsjettet for i år vart lagt fram før vi hadde oversikt på alle talla inn. No er det gjort justeringar og revidert budsjett ligg ved.

#### **Vedtak**

SFR vedtek budsjettet som ligg føre.

#### **Sak 44/25 Minnelund**


Vi bestemte på møtet i mars at vi på neste møte skulle vedta kor vi ville at minnelunda skulle ligge. Det kom ikkje inn nye forslag i etterkant av det møtet. Vi tok ei befarig på kyrkjegarden for å sjå korleis det såg ut, og kva vi såg for oss. Vi syns forslaget som var foreslått mellom kyrkjestua og minnesmerka er den staden på kyrkjegarden det fort kan vere mest tråkk. Og at det er meir forstyrrende med folk som kjem forbi enn trafikken på nordsida av kyrkja. Trafikken høyrer også godt ved kyrkjestua.

Her ligg det tett på jernkorsa som kanskje kan vere fine å ta utgangspunkt i til utforming av minnelund, andre ting vi vil spele inn til ein prosess med utforming er element frå kyrkja, påskeliljene, og at støtta eller området rundt kan innehalde noko form for støyskjerming mot vegen.

I prosessen vidare sjekker Anne Marie opp kva andre har gjort for å innhente forslag, og korleis prosessen blir best mogleg. Mål om at vi etter neste møte kan gå ut med anbud og få på plass ei grovskisse.

Så er det viktig å ta dette med kommunen for å ha arbeidet vidare med i budsjettet til neste år.

#### **Vedtak**



## DEN NORSKE KYRKJA

### Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Org.nr.: 976 997 654

Tlf: 468 40 719 [www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no) [kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

Vi vil plassere minnelunda på nordsida av kyrkja

Anne Marie jobbar vidare med prosessen

#### **Sak 45/25 Utleige av kyrkjene til konserter. Reglement og rutinar**

Soknet har fått ei henvending om julekonsert 11.desember. I det høve vart kyrkjevevjerjen usikker på kva rutiner som ligg ved utelei av kyrkja i Aukra, og vil gjerne løfte det opp i soknerådet.

Vi vil også gjerne få på plass eit eige skriv med reglement og prisar som blir sendt ut til leigetakarar. Kyrkjevevjerja har vore i kontakt med fellestråda rundt, og snakka om at eit slikt skriv godt kan vere nokonlunde likt for fleire fellestråd

#### **Vedtak**

Kyrkjevevjerja kan ta imot og booke inn konsertar og andre arrangement i kyrkje og på kyrkjelydshus. (jmf delegasjonsreglementet)

Kyrkjevevjerja lagar eit skriv med prisar, reglement og brannvakter som ho legg fram på neste møte.

#### **Sak 46/25 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)**

**Sak 46/25-1 Referat frå møte i AU 03.06.25**

**Sak 46/25-2 Avtakking av fung. Kyrkjevevjerjer og organist 15.juni**

**Sak 46/25-3 Utbetaling honorar SFR (betalt i november sist)**

**Sak 46/25-4 Endring av utleigeskjema KLH.**

Det er gjort småendringar, mellom anna fordi nokre frivillige hadde blitt konfrontert med at dei fekk betalt for å vere der. Kjem til å gjere nokre prisjusteringar.


#### **Sak 47/25 Eventuelt**

**Sak 47/25-1 Møtedatoar til hausten.**

Vi slår saman august og september-møtet og flytter datoen til til 11.september: (AU 28.august). Dei andre datoane står som før: 9.oktober, 6. november, 11.desember.

(kommentar frå referent: 9.okt er i haustferieveka, så vi må kanskje sjå på den datoen)

**Sak 47/25-2 – Møte om sambrukshus**



## DEN NORSKE KYRKJA

### Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Org.nr.: 976 997 654

Tlf: 468 40 719 [www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no) [kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

Kommunen har byrja prosessen med å jobbe med sambrukshus i Julsundet. Kyrkja har ikkje vore involvert så langt, og er heller ikkje inviterte til tankeverkstad 24.juni om dette nye huset. Marta Kristin tar kontakt med kultursjefen og hører om også kyrkja kan møte med to representantar (kyrkjeverje og sokneprest) på møtet.

**Sak 47/25 - Sjukepengerefusjon** Unntatt offentlighet: Off lov §13

**Vedtak:** Vi betaler ut lønn ut noverande sjukemeldingsperiode

Aukra 20.06.2025

Erlend Melby (s)

Leiar

Anne Marie Sødal

(Sokr.)